

Vestland fylkeskommune Innovasjon og Næringsutvikling  
Therese eling Strømsnæs  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1404 - 21/13368

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
26.02.2021

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 310/5 Holme**

Tiltak: arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr: 310/5  
Tiltakshavar: Vestland fylkeskommune Innovasjon og Næringsutvikling  
Ansvarleg søkjar: Vestland fylkeskommune INV

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .


### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Etter synfaring med innmåling av gjerde, vegkant og fot fylling ser ein at slik søknaden er utforma får ein ikkje med seg heile skjeringa. Skjeringa går utanfor regulert areal i reguleringsplan for Holme – forretningsområde, planid 125620140002. Skjeringa går inn i regulert areal til friluftsområde i reguleringsplan for Reguleringsplan for deler av Holme – Holmeknappen, planid 125619940907. Det må derfor søkjast om dispensasjon frå dette arealformålet også. Avgrensing av teigen må sjåast på mot aust. Om ikkje avtale er gjort med heimelshavar om dette arealet må det plass før saka kan handsamast.
2. Når det gjeld teigen i nordvest må avgrensinga av denne vurderast i forhold til ny vegkant. Denne ligg i grunnkartet.
3. Situasjonsplan må oppdaterast ut frå ovannemnde.



Frå situasjonsplan



Innmålt gjerde m.m.

Kommunen ber om at tilleggsmålingar vert sendt inn samla innan 28.03.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

310-5-Innmåling  
Home kryss

**Mottakrar:**

Vestland fylkeskommune Innovasjon og Næringsutvikling      Postboks 7900      5020      BERGEN